



Frekhaug Utbygging AS
Mjåtveitflaten 55
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1829 - 19/19560

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:

25.09.2019

Godkjenning av søknad om seksjonering- GBNR 10/45

Administrativt vedtak. Saknr: 211/2019

Saksutgreiing:

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 10/45 i Meland, med adressene Holsbergstien 39A, 39B og 39C.

På eigedommen er det godkjent 3-rekkehus, med 3 likeverdige bueiningar. Kvar bueining går over 2 etasjar. Dei 3 bueiningane har kvar sin tilleggsdel med sportsbod og tilhøyrande terrasse og markterrasse i varig utførelse.

Alt areal på eigedommen utanfor bygningskroppar er registrert som fellesareal for dei 4 seksjonane i matrikkelen. Mellombels bruksrett til felles uteareal vert avtalt gjennom vedtekter, jf §25 i eigarseksjonslova.

Det er avsett tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Det er utarbeidd og lagt ved forslag til vedtekter for sameiet Holsbergstien 39, gbnr 10/45 i Meland kommune.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som viser eigedomsgrensene, adresser og seksjonsnummer. Kommunen utarbeider nytt situasjonsskart som også viser tilleggesareal B for markterrasser. Vedlegg 1

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Ulike planteikningar av rekkehusa i 2 etasjar, der etasjeplan og romtyper tydeleg går fram. Markterasse er teikna inn som tilleggsareal B utanfor underetasjen. Kommunen har påført seksjonsnummera og legg ved – 2 planteikningar som vedlegg. Vedlegg 2-3
- Vedtekter for sameiet Holsbergstien 39, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter. Vert ikkje sendt til tinglysing.
- Eigar er Kvalitetshjem AS og søknaden er signert av styrets leder Knut Henanger og Styremedlem Helge Henanger som har signaturrett, og innsendar er Jens Strandenes.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Vedtak

Meland kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 3 eigarseksjonar for gbnr 10/45 i Meland, sameiet Holsbergstien 39, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1 – 3 er likeverdige bustadseksjonar med sameigebrøken 1/3 kvar. Seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med deleveggjar mellom dei. Alle seksjonane går over 2 etasjar, med inngang i Plan 1 og trapp ned til underetasje. Seksjonane har tilleggsdelar med frittstående sportsboder utanfor hovudetasjen og terrasser utanfor plan 1, samt opparbeida markterasse utanfor underetasjen.

Det er avsett tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 10/45 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jf. Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Meland kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt. 14.1.1 er gebyret for 3 seksjonar kr 7300,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Frekhaug Utbygging AS

Mjåtveitflaten 55 5918

FREKHAUG